
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: tirsdag 24. april 2018 15.16
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Christel Villanger Håland; Leif Gunnar Taule
Emne: VS: PLT sak 013/2018 - meldingar og referatsaker

Eg viser til kommunens svarbrev av 24. april 2018, ref. 18/679 - 18/6421

Det er ikkje dokumentert at det er meldeplikt for tiltak som ikkje er søknadsliktige.

Eg har sett gjennom «STRATEGIPLAN FOR TILSYN ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA 2017-2019» :

Det vert duka for ny «Strilekrig» : Radværingane er no (sjølvverklærte?) potensielt kriminelle, som helst skal betala gebyr også for byggjesaker unnateke søknadsplikt (for si eiga skuld bør dei senda (gebyrbelagt) søknad for alle bagatellar). Slik pumpar ein opp sjølvkostgrensa og økonomien til kommunens tekniske etat.

Strategiplanen side 4 : Overordna mål for tilsynet er :

a: å førebyggje byggskeidar som skuldast feil og manglar i byggjeprosessen

b: å bidra til bærekraftig utvikling innafor byggsektoren

c: å **avdekke lovbrøt og bringe lovbrøt i lovlege formar anten ved søknad** eller tilbakeføring/retting.

Pkt. a og b er tekniske krav (relatert til helse og tryggleik) som er vel ivaretekne gjennom byggjeforskriftene (TEK 17), forskning og utvikling, systemkrav og utdanningskrav til ansvarlege aktørar i bransjen. Behovet for ressursinnsats med juristkompetanse frå kommunens tekniske etat er sterkt overdrive. Pkt. c dreiar seg om pengeutpressing, også relatert til strandsone, LNF osv., jamfør avsnittet ovafor om «ny Strilekrig».

I 1965 fekk Noreg si første landsdekkande plan- og bygningslov. Det vart gjort mykje godt arbeid på bygdene også før denne tid, utan «hjelp» frå kommunalt byråkrati med tvilsam kompetanse.

Mvh

Siv. ing. Vidar Mjøs

vidar-mj@online.no

mob 907 88 921

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 23. april 2018 13:31
Til: Radøy kommune <postmottak@radoy.kommune.no>
Kopi: 'christel@villanger.net' <christel@villanger.net>; 'leif.taule@gmail.com' <leif.taule@gmail.com>
Emne: PLT sak 013/2018 - meldingar og referatsaker

Frå orienteringa i sak 013/2018 (om registreringssaker) :

.....Radøy kommune har difor gjennom strategiplanen prioritert å gjera eigar merksam på desse sakene **allereie på registrerings-tidspunktet, slik at dei kan søkjast om** og koma i lovlege former...

Frå pbl. § 20-5 (unntak frå søknadsplikt) :

...Departementet kan gi forskrift om hvilke tiltak som omfattes av bokstav a-e.
Departementet kan gi forskrift om tiltakshavers **rapportering** til kommunen når tiltak etter denne bestemmelse **er ferdigstilt**...

I følge nettsidene til DIBK gjeld no TEK 17 og SAK 10. SAK 10 inneheld etter det eg kan sjå ingen slike rapporteringsreglar som kommunen no vil praktisera.

Kvar finn ein nærare informasjon om kommunens strategiplan og registreringsreglement ?

Mvh
Siv. ing. Vidar Mjøs
vidar-mj@online.no
mob 907 88 921